

Fredag 18. oktober reiste 21 musikantar, 3 aspirantar og 8 vaksne frå Uskedalen skulemusikk på tur ut i det blå. Det reisefølgjet visste på førehand, var at dei skulle møta ved Grano i Uskedalen. Derifrå køyrde me oppover dalen. Mannsvatnet?

Nei, turen gjekk rundt dalen og utover mot Sunde ferjekai. Bergen? Haugesund? På ferjekaien tok me det som var den musikalske delen av blåturen, stafett i notestativoppslåing.

Vidare gjekk turen mot Valen. Derifrå vart bagasjen frakta vidare, medan musikantane måtte ta beina fatt. Oppover i grupper med ein vaksen bar det. Natursti med ulike oppgåver å løysa på vegen. Endestasjonen var Svartatjønnslytta (Valen Sjukehus).

Vel framme var det grilling, spøkelseshistoriar rundt bålet, pakkeleik og disco. Dagen etter var det frukost og opprydding. Me vaksne som var med vil takka musikantar og aspirantar for ein fin tur.

De er ein fantastisk gjeng med godt humør, ein gjeng me er utruleg stolte av.

Styret